



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Vår dato: 24.02.2016
Vår ref.: 201500250-12
Arkiv: 313
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Arnljot Einride Strømseng
22959757/aes@nve.no

Vinje kommune – Søknad om løyve til utvida uttak av grunnvatn på Bjålimogen i Vinje kommune, Telemark - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 08.09.2015.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til utvida uttak av grunnvatn på Bjålimogen med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI - notat 3/2016 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av grunnvatn og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga." og "Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon" som er å finne på <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/vannkraft-settefisk-og-andre-vassdragsanlegg/>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av seksjon for miljøtilsyn i tilsyns- og beredskapsavdelingen i NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Arnljot Einride Strømseng
seniorrådgivar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Grunnvannskonsesjon
KI-notat 3/2016

Kopi til:

Fylkesmannen i Telemark
Mattilsynet
Norges geologiske undersøkelse
Telemark fylkeskommune
Vinje kommune v/Kjetil Vaagen